

**INFORMASJON**  
Kommune / fylkestingsval 2023



**Topp 3**  
Kristeleg Folkeparti



*Tid til det viktigaste*

**Suldal KrF**



## Møt våre toppkandidatar

**Torbjørn Indrebø**  
Ordførarkandidat  
Suldalsosen

**Randi Laache Kilane**  
2. kandidat  
Erfjord

**Ivar-André Naustvik**  
3. kandidat  
Ropeidhalvøya



## Torbjørn Indrebø Ordførarkandidat

Torbjørn Indrebø, 54 år. Busett på Suldalsosen saman med Siri. 3 born som er starta på vidaregåande skule. Arbeider som fengselsførstebetjent i Sandeid fengsel.

Eg er særleg oppteken av at born og ungdom skal ha ein trygg og god oppvekst. Me må sikra at Suldal kommune har dei rette ressursane til det. Eg er og oppteken av ein god politikk for dei eldre. Me må syta for at Suldal kommune og i framtida kan levere gode tenester. Dersom me finn at det er ynskjeleg for fleire, bør me byggja seniorbustader sentrumsnært i grendene våre.

Det er sjølvsagt ei stor sak for meg å arbeide aktivt for å fremja alt det gode me har i Suldal, slik at me og kan tiltreke oss nye innbyggjarar. Då må me oppretthalde, utvikle og informere ut.

**Torbjørn Indrebø**  
Ordførarkandidat



“ Eg er særleg oppteken av at born og ungdom skal ha ein trygg og god oppvekst.



**Randi Laache Kilane**  
2. kandidat

## Samfunnet vert bygd nedanfrå

Randi Laache Kilane, 44 år, gift, 3 barn fra 13-19 år, bur på gard i Erfjord, jobbar som sjukepleiar i Suldal Heimebaserte Tenester. Engasjert i frivillig arbeid med barn og ungdom i menigheten og bygda.

“Eg drøymmer om eit varmare samfunn der menneske sin verdi står sentralt, og at alle i Suldal har eit fellesskap dei føler seg heime i, enten dei er unge eller gamle.

Ein fortsatt sterk helsesektor og omsorgssektor i Suldal er viktig for å få til dette.

Det er og viktig for meg at Suldal ivaretek og legg tilrette for det gode frivillige arbeidet som skjer i kommunen vår.”

## Ein god oppvekst varer livet ut

Ivar-André Naustvik, 47 år og driftsleiar på oppdrettsanlegg. Bur på gard på Ropeidhalvøya. Er gift og har tre barn i skulealder.

“Eg er oppteken av at borna skal ha det best mogleg på skulen og i barnehagen.

Eg ynskjer at det òg i framtida skal vere mogleg å leva av primærnæringar på bygda.”



**Ivar-André Naustvik**  
3. kandidat


# Vårt verdigrunnlag

Politikk og verdier heng uløyselig saman. I vår tid er det trong for sterk verdimobilisering og refleksjonar kring kva verdival som tek vare på og vidareutviklar eit godt og varmt samfunn. Det er likevel viktig at vi skil mellom kva som er politiske oppgåver og kva som er den kristne kyrkja, dei kristne fellesskapa og enkeltmennesket sitt ansvar i samfunnet.


Kristeleg Folkeparti er eit sentrumparti med eit politisk verdigrunnlag som er henta frå dei grunnleggjande menneskerettane, den kristne kulturarven og Bibelen. Dette handlar for oss om:

- **MENNESKEVERD** - Alle menneske har same verdi, frå unnfanging til livets slutt.
- **KJÆRLEIK TIL VÅR NESTE** - Nestekjærleik gjeld overfor alle, også dei vi måtte oppfatta som våre motstandarar, og den krev aktiv handling. Vi ynskjer å kjempe for sårbare grupper i samfunnet.
- **FELLESKAP** - Samarbeidet mellom det offentlege, det private og den frivillige sektor må styrkast, og me ynskjer å redusera den aukande utanforskapen.
- **FORVALTARANSVAR** - Alle har ansvar for miljøet rundt seg og for å bidra til ei rettferdig og god fordeling av ressursane me rår over

Suldal KrF vil samarbeide med politiske parti som i størst mogleg grad støttar vårt program, våre verdier og politiske målsettingar.



# 10 gode grunnar for å stemme KrF



## **1 Sikre ein skulestruktur som er attraktiv og forsvarleg, fagleg og sosialt.**

KrF vil arbeida for å henta inn kunnskap og finna dei smarte løysingane for å møta utfordringane med spreidd busetnad, færre elevar og rekruttering av kompetanse. Sikre god teknologisk utvikling i skulen, og ein effektiv støttefunksjon for dette.

## **2 Me vil arbeide for at barnehage og skule i Suldal skal ha høg kvalitet,**

med god menneskeleg og tverrfagleg, koordinert kompetanse.

## **3 Eit kompetent interkommunalt barnevern,**

betre tverrfagleg innsats og rett hjelp med trygg ivaretaking av både born og vaksne. Sosiallærarressursen må også tryggast.

## **4 Sikra høg kvalitet på språkopplæring og god integrering av busette flyktningar.**

Introsenteret må sikrast føreseielege rammer.

**5 Sikre drift av gode, brukarorienterte dagsentertilbod for alle eldre i kommunen,** og arbeide for eit demensvennleg samfunn.

## **6 Halde oppe kvaliteten ved våre helse - og omsorgstenester inkl ein trygg akuttberedskap.**

Arbeide for ei auka satsing på eigne koordinatorstillingar innan helse- og omsorgstenesta.

## **7 Arbeide for ei godt vegnett og relevant kollektivtilbod.**

Rv13 er hovudferdselsåra i og gjennom kommunen og må sikrast nødvendig rassikring og oppgradering. I tillegg er hurtigbåten ei heilt nødvendig livsåre som ikkje må svekkast. Eit anna mål er full mobil- og breibandsutbygging for alle i kommunen.

## **8 At Suldal skal vera ein attraktiv kommune for næringslivet, og nyetableringar.**


Ein aktiv nærings- og landbrukspolitikk i god dialog med næringa sjølv. Arbeide for møteplassar for bønder og andre næringsdrivande.

## **9 Drive ein aktiv bustadpolitikk der ein skal legge til rette for bustadutvikling med attraktive, byggeklare tomter i alle deler av kommunen.**


Stimulere til sentrumsnære, attraktive leilegheiter i dei bygdene der dette er aktuelt

## **10 Me vil halde høgt fokus på frivilligheita og sikre god tilrettelegging for slikt engasjement i kommunen vår.**

Eit variert lags- og organisasjonsarbeid, med særleg vekt på barne- og ungdomsarbeid. Auka fokuset på tiltak som gjeld fleire generasjonar i lag.



## Våre listekandidatar



**Torbjørn Indrebø, 1969, Suldalsosen**

**Randi Laache Kilane, 1978, Erfjord**

**Ivar-André Naustvik, 1976, Sand**

**Marita Husevåg Hellesen, 1976, Sand**

**Anna Fauskanger Lunde, 1981, Sand**

**Peder Solvang, 1965, Erfjord**

**Eirik Moe, 1954, Nesflaten**

**Kari Alice Sutherland, 1994, Sand**

**Helge S Lauvsnes, 1983, Suldalsosen**

**Torunn Vik, 1968, Suldalsosen**

**Espen Skålheim, 2005, Sand**

**Svanhild Løge Skålheim, 1972, Sand**

**Bjørn Egil Nerheim, 1957, Sulalsosen**

**Brit Ane Haugslund, 1975, Erfjord**

**Sveinung Nessa, 1986, Jelsa**

**Gunn Bjørg Slåtto, 1957, Hebnes**

**Johan Arnt Sivertsen, 1947, Erfjord**

**Magne Steine, 1971, Sand**

**Ordfører kandidat**

**2. kandidat**

**3. kandidat**

**4. kandidat**

**5. kandidat**

**6. kandidat**

**7. kandidat**

**8. kandidat**

**9. kandidat**

**10. kandidat**

**11. kandidat**

**12. kandidat**

**13. kandidat**

**14. kandidat**

**15. kandidat**

**16. kandidat**

**17. kandidat**


**18. kandidat**



Ei stemme til KrF er  
ei stemme til eit varmare samfunn



Les heile vårt program på [www.kr.f.no/suldal](http://www.kr.f.no/suldal)

 [www.facebook.com/suldalkrf](https://www.facebook.com/suldalkrf)

